



Stad kommune

Reglement

for delegering og innstilling i Stad kommune



Arkivsak: 19/014

Versjon dato: 24.10.2019

1	GENERELT OM DELEGERING	3
2	Delegering til Ordføreren	5
3	Delegering til formannskapet	5
4	Delegering til administrasjonsutvalet	6
5	Delegering til valstyret	6
6	Delegering til valnemnda	6
7	Delegering til oppvekst- og opplæringsutvalet.	7
8	Helse- og omsorgsutvalet	8
9	Areal- og eigedomsutvalet	8
10	Kultur og samfunnsutvalet	10
11	Delegering til kommunedirektøren	11
12	Delegering til skatteoppkrevjaren	15

1 GENERELT OM DELEGERING

Reglementet er utarbeidd med bakgrunn i kommunelova § 5-14:

§ 5-14 Reglement for delegering og innstilling

Kommunestyret og fylkestinget fastsetter selv et reglement for hvordan vedtaksmyndighet og innstillingsrett skal delegeres. Dette skal gjøres innen 31. desember året etter at kommunestyret og fylkestinget ble konstituert. Det sist fastsatte reglementet og eventuelle andre vedtak om delegering og innstillingsrett gjelder inntil et nytt reglement er fastsatt.

1.1 Kommunestyret

Kommunestyret er øvste kommunale organ i Stad kommune. Det gjer vedtak på vegne av kommunen så langt ikkje anna følgjer av lov eller delegeringsvedtak, jf. kommunelova § 5-3.

Kommunestyret kan delegere mynde til å gjere vedtak til andre folkevalde organ, ordføraren eller kommunedirektøren innanfor rammene i lovverket.

For lovpålagde oppgåver kan kommunestyret delegere mynde til å gjere vedtak til andre rettssubjekt så langt lovverket opnar for det.

For andre saker kan kommunestyret delegere mynde til å gjere vedtak til andre rettssubjekt dersom saka ikkje har prinsipiell betydning.

1.2 Formannskapet

Formannskapet kan opprette arbeidsutval som består av medlemmer frå formannskapet.

Formannskapet kan gje arbeidsutval mynde til å gjere vedtak i saker som ikkje har prinsipiell betydning, dersom ikkje kommunestyret sjølv har bestemt noko anna.

Formannskapet innstiller til kommunestyret i økonomisaker slik det går fram av § 14-3 tredje ledd (økonomiplan, årsbudsjett, årsrekneskap og årsrapport) og til skattevedtak.

Formannskapet kan få tildelt vedtaksmynde i alle saker dersom ikkje anna følgjer av lov

1.3 Ordfører

Ordfører sine oppgåver går fram av kommunelova § 6-1.

Kommunestyret kan gje ordføraren mynde til å:

- a) gjere vedtak i saker som ikkje har prinsipiell betydning
- b) gjere vedtak i hastesaker etter § 11-8 første ledd
- c) opprette utval som skal førebu saker som ikkje har prinsipiell betydning.

Formannskapet kan gje ordføraren mynde til å gjere vedtak i saker som ikkje har prinsipiell betydning dersom ikkje kommunestyret sjølv har bestemt noko anna.

Ordføraren skal rapportere til kommunestyret om korleis det delegerte myndet er nytta.

1.4 Utval

Kommunestyret avgjer kva saker utvala skal handsame. Utvala kan få avgjerdsmynde i alle saker der ikkje anna følgjer av lov.

Utvalet kan opprette arbeidsutval som består av medlemmer frå utvalet.

Utvalet kan gje leiaren eller arbeidsutvalet mynde til å gjere vedtak i saker som ikkje har prinsipiell betydning dersom ikkje kommunestyret sjølv har bestemt noko anna.

1.5 Administrasjonsutval

Kommunestyret avgjer kva saker utvalet skal handsame. Utvalet kan få avgjerdsmynde i alle saker der ikkje anna følgjer av lov.

Utvalet kan opprette arbeidsutval som består av medlemmer frå utvalet.

Utvalet kan gje arbeidsutval mynde til å gjere vedtak i saker som ikkje har prinsipiell betydning dersom ikkje kommunestyret sjølv har bestemt noko anna.

1.6 Kommunedirektør

Eitkvart folkevald organ kan gje kommunedirektøren mynde til å gjere vedtak i enkeltsaker eller typer av saker som ikkje er av prinsipiell karakter, så lenge kommunestyret ikkje har bestemt noko anna, jf. kommunelova § 13-1.

1.7 Administrasjonen

Kommunedirektøren kan delegerare vidare internt i administrasjonen.

1.8 Kommunalt føretak

Eit kommunalt føretak er ikkje ein eigen juridisk person, men er ein del av kommunen, jf kommunelova § 9-1 andre punktum. Det følgjer vidare av reglane om kommunale føretak at kommunelova gjeld med mindre noko anna er særskilt bestemt. Mynde til kommunale føretak skal gå fram av vedtektene og ikkje gjennom delegeringsvedtak.

1.9 Generelle reglar for bruk av delegert mynde

All delegert mynde skal utøvast i samsvar med lover, forskrifter og retningsliner gjevne av det overordna/delegerande organ, innanfor rammer og føresetnader i budsjett og overordna planar.

1.10 Kommunestyret sitt tilsynsansvar

Kommunestyret har det overordna tilsynet med den kommunale forvaltninga, og kan krevje ei kvar sak lagt framfor seg til orientering eller avgjerd. Kommunestyret kan omgjere vedtak som er gjort av andre folkevalde organ eller av administrasjonen dersom desse sjølve kunne ha omgjort vedtaket.

1.11 Rett til å unnlate å gjere bruk av delegert mynde

Det organ/den tilsette som har fått delegert/vidaredelegert myndigheit, kan i heilt spesielle saker overlata til eit overordna organ/kommunedirektøren å gjere vedtak i saka. Dette må likevel ikkje skje så ofte/på ein slik måte at delegeringsvedtaket/reglementet vert gjort illusorisk.

1.12 Tilbakekalling av delegert mynde i einskildsaker

Det delegerande (overordna) organet kan når som helst krevje å få seg førelagt til avgjerd ei sak som eit underordna organ og/eller administrasjonen har til handsaming i medhald av delegert myndigheit. Tilsvarande rett har kommunedirektøren vedkomande saker som han/ho har vidaredelegert til andre i administrasjonen.

1.13 Omgjeringsrett

Det delegerande /eit overordna organ kan av eige tiltak omgjere eit vedtak gjort av eit underordna organ/administrasjonen i medhald av delegert mynde når vilkåra for dette ligg føre/er oppfylte etter forvaltningslova § 35 - uavhengig av om dette dreier seg om enkeltvedtak eller ikkje. Tilsvarende rett har kommunedirektøren vedk. vedtak gjort i medhald av vidaredelegert mynde til andre i administrasjonen.

2 Delegering til Ordføraren

Ordføraren får fullmakt til å gjere vedtak i medhald av kommunelova § 6-1 fjerde ledd:

- a. i enkeltsaker utan prinsipiell betydning
- b. i hastesaker etter kommunelova § 11-8

Ordføraren har også fullmakt til å fremje eigne saker og innstille til utvala. Dette gjeld saker av politisk karakter.

3 Delegering til formannskapet

3.1 Innstillingsrett til kommunestyret

Formannskapet innstiller til kommunestyret i fylgjande saker:

- a. økonomiplan og årsbudsjett i samsvar med § 14 i kommunelova.
- b. periodiske endringar/justeringar av økonomiplan/årsbudsjett.
- c. endringar/justeringar i økonomiplan, årsbudsjett i samsvar med Stad kommune sitt økonomireglement
- d. rapportering i samsvar med Stad kommune sitt økonomireglement
- e. rekneskap, årsmelding og årsrapport i samsvar med Stad kommune sitt økonomireglement
- f. alle andre saker som kommunestyret ikkje har bestemt skal gå direkte frå utvala

3.2 Delegering etter særlov

Kommunestyret delegerer avgjerdsmynde til formannskapet etter følgjande lover med tilhøyrande forskrifter og vedtekter så langt kommunen har slik mynde, og såframt avgjerdsmyndet ikkje ligg til kommunestyret i medhald av lov, forskrift eller reglement, jf. kommunelova § 5-3:

[Eigedomsskattelova](#)

- avgjere einskildsaker om skattefritak for bustadeigedomar (§ 7 c)

[Forsøkslova](#)

- forsøkslova § 5 andre ledd andre punktum (mindre endringar og tillegg til tidlegare vedtak).

[Plan- og bygningslova](#)

- Plan- og bygningslova kapittel 10 og 11 (overordna planlegging)

3.3 Hastekompetanse

Kommunestyret delegerer sitt avgjerdsmynde til formannskapet i saker som skulle ha vore avgjort av anna organ når det er naudsynt at vedtak vert gjort så raskt at det ikkje er tid til å kalle inn til møte, jf. kommunelova § 11-8. Melding om vedtak gjort i medhald av denne paragrafen skal leggjast fram for kommunestyret i neste møte.

3.4 Klageorgan

Formannskapet er kommunen sitt klageorgan i enkeltvedtak gjort i medhald av forvaltningslova § 28. Dette gjeld klage i saker som kommunen avgjer sjølv.

4 Delegering til administrasjonsutvalet

4.1 Innstillingsrett til kommunestyret

Administrasjonsutvalet innstiller til kommunestyret i saker innan utvalet sitt ansvarområde.

4.2 Delegering

Kommunestyret delegerer sitt avgjerdsmynde til administrasjonsutvalet i saker som gjeld:

- Generelle personalpolitiske retningsliner og reglement
- Dispensasjonar frå retningsliner og reglement
- Å avgjere usemje om tolking av retningsliner og reglement
- Prinsipp saker som gjeld diskriminering- og likestillings spørsmål, jf [likestillingslova](#) og [diskrimineringslova](#).

Dette gjeld i den utstrekning mynde ikkje er delegert til andre organ gjennom vedtak eller reglement.

5 Delegering til valstyret

5.1 Innstillingsrett til kommunestyret

Valstyret innstiller til kommunestyret i følgjande saker:

- Fastsetting av valdag
- Godkjenning av kommunestyret

5.2 Delegering etter særlov

Kommunestyret delegerer sitt avgjerdsmynde til valstyret i saker som gjeld:

[Vallova](#)

§ 4-2 Stemmestyre

§ 9-3 Tid og sted for stemmegivningen. Organisering.

6 Delegering til valnemnda

6.1 Innstillingsrett til kommunestyret

Valnemnda har innstillingsrett til kommunestyret i saker som gjeld val og representasjon.

7 Delegering til oppvekst- og opplæringsutvalet.

7.1 Innstillingsrett til kommunestyret

Utvalet innstiller til kommunestyret innan fagområde der dei har fått delegert mynde. I andre saker går innstillinga til formannskapet.

7.2 Delegering etter særlov

Kommunestyret delegerer avgjerdsmynde til oppvekst- og opplæringsutvalet etter følgjande lover med tilhøyrande forskrifter og vedtekter så langt kommunestyret har slik mynde. Delegasjonen gjeld såframt myndet ikkje ligg til kommunestyret i medhald av lov, forskrift eller reglement jf kommunelova § 5-3.

[Adopsjonslova](#)

[Barnehagelova](#)

Mynde må utøvast i samsvar med kommunestyret sitt til ei kvar tid gjeldande vedtak om samordna opptak til barnehageplass. Unnateke frå delegering er barnehagelova § 7 fjerde ledd for kommunale barnehager.

[Barnevernlova](#)

[Barnelova](#)

[Opplæringslova](#)

Unnateke frå delegering er:

- § 2-1 femte ledd om offentleg påtale for fråvær frå undervisning
- § 2-2 andre ledd og § 2-3 første ledd om forskrift om undervisningstid, og bruk av undervisningstid utover minstetal i forskrift
- § 2-5 første ledd om målform i skulen
- § 9A-10 ordensreglement
- § 8-1 første ledd andre punktum – forskrift om sal av skule
- § 13-7 om skulefritidsordning

7.3 Hastekompetanse

Kommunestyret delegerer sitt avgjerdsmynde til oppvekst- og opplæringsutvalet i saker som skulle ha vore avgjort av anna organ når det er naudsynt at vedtak vert gjort så raskt at det ikkje er tid til å kalle inn til møte, jf. kommunelova § 11-8. Melding om vedtak gjort i medhald av denne paragrafen skal leggjast fram for kommunestyret i neste møte.

8 Helse- og omsorgsutvalet

8.1 Innstillingsrett til kommunestyret

Utvalet innstiller til kommunestyret innan fagområde der dei har fått delegert mynde. I andre saker går innstillinga til formannskapet.

8.2 Delegering etter særlov

Kommunestyret delegerer avgjerdsmynde til helse- og omsorgsutvalet etter følgjande lover med tilhøyrande forskrifter og vedtekter så langt kommunestyret har slik mynde. Delegasjonen gjeld såframt myndet ikkje ligg til kommunestyret i medhald av lov, forskrift eller reglement jf kommunelova § 5-3.

[Gravferdslova](#)

[Helse og omsorgstenestelova](#)

[Krisesenterlova](#)

[Pasient- og brukarrettighetslova](#)

[Psykisk helsevernlova](#)

[Smittevernlova](#)

Unnateke frå delegering er mynde som direkte ligg til smittevernlege i medhald av smittevernlova.

[Tobakkskadelova](#)

8.3 Hastekompetanse

Kommunestyret delegerer sitt avgjerdsmynde til helse- og omsorgsutvalet i saker som skulle ha vore avgjort av anna organ, når det er naudsynt at vedtak vert gjort så raskt at det ikkje er tid til å kalle inn til møte, jf. kommunelova § 11-8. Melding om vedtak gjort i medhald av denne paragrafen skal leggjast fram for kommunestyret i neste møte.

9 Areal- og eigedomsutvalet

9.1 Innstillingsrett til kommunestyret

Utvalet innstiller til kommunestyret innan fagområde der dei har fått delegert mynde. I andre saker går innstillinga til formannskapet.

9.2 Delegering etter særlov

Kommunestyret delegerer avgjerdsmynde til areal- og eigedomsutvalet etter følgjande lover med tilhøyrande forskrifter og vedtekter så langt kommunestyret har slik mynde, og såframt myndet ikkje ligg til kommunestyret i medhald av lov, forskrift eller reglement jf kommunelova § 5-3:

[Akvakulturlova](#)

[Brann- og eksplosjonsvernlova](#)

Unnateke frå delegering er mynde som er delegert direkte til brannsjefen, dessutan fastsetjing av gebyrregulativ etter § 28.

[Eigarseksjonslova](#)

Unnateke frå delegering er mynde etter eigarseksjonslova § 7 femte ledd, om fastsetting av gebyr.

[Forurensingslova](#)

[Forpaktingslova](#)

Unnateke frå delegering er mynde etter forpaktingslova § 11, om skjønn ved tiltreding og fråtreding

[Jordlova](#)

Kommunestyret vedtek sjølv overordna planar som gjeld jordviddene i kommunen

[Konsesjonslova](#)

[Laksefisk og innlandsfisk m.m](#)

Kommunestyret vedtek sjølv overordna planar som gjeld fiskeinteresser og friluftsliv i kommunen.

[Lov om kommunal forkjøpsrett til leiegårder](#)

[Matrikkellova](#)

Unnateke frå delegering er fastsetting av gebyrregulativ, jf. matrikkellova § 32 og matrikkelforskrifta kapittel 5.

[Hamne- og farvasslova](#)

[Husleigelova](#)

[Motorferdsel i utmark](#)

[Naturmangfaldslova](#)

[Naturskadelova](#)

§ 20 plikt til å ta forholdsreglar mot naturskader

[Odelslova](#)

Kommunestyret vedtek sjølv overordna planar som gjeld jordviddene i kommunen

[Plan- og bygningslova](#)

Kapittel 12-33 (reguleringsplan, gjennomføring, byggesaksdel, ulovlighetsoppfølging), med unntak av kapittel 17

[Skogbrukslova](#)

Kommunestyret vedtek sjølv overordna planar som gjeld skoginteressene i kommunen.

[Stadnamn](#)

- § 5 andre ledd om skrivemåten av offisiell adresse.

[Veglova](#)

Unnateke frå delegering:

- § 5 vedtak om å ta opp privat veg som kommunal veg

- § 6 vedtak om bygging av kommunal veg
- § 7 vedtak om nedlegging av kommunal veg

[Vegtrafikklova](#)

§ 5 om oppsetting av forbodsskilt 366 og 368 i områder med berre kommunale vegar, jf. skiltforskrifta § 26 nr 2 andre ledd.

§ 5 om oppsetting av fareskilt, serviceskilt, vegvisningsskilt, og opplysningsskilt jf. skiltforskrifta § 12.

§ 5 om å sette lågare fartsgrense enn det som følgjer av vegtrafikklova § 6 andre ledd, jf. skiltforskrift § 26 nr. 1 andre ledd.

§ 6 om midlertidig å sette lågare fartsgrense enn den som elles gjeld ved arbeid på veg, jf. skiltforskrifta § 26 nr 1 fjerde ledd.

§ 6 andre ledd om å avgjere om eit område skal reknast som tettbygd strøk, og å fastsette grense for det tettbygde strøket, jf. skiltforskrifta § 26 nr 2.

§ 7 andre ledd om å treffe mellombelse vedtak om forbod mot all trafikk eller om anna regulering av trafikk på kommunal veg dersom tilhøve på vegen eller i omgjevnadane, arbeid på vegen eller vegen son tilstand tilseier dette.

[Viltlova](#)

Kommunestyret vedtek sjølv overordna planar som gjeld viltinteresser og friluftsliv i kommunen.

9.3 Hastekompetanse

Kommunestyret delegerer sitt avgjerdsmynde til areal- og eigedomsutvalet i saker som skulle ha vore avgjort av anna organ når det er naudsynt at vedtak vert gjort så raskt at det ikkje er tid til å kalle inn til møte, jf. kommunelova § 11-8. Melding om vedtak gjort i medhald av denne paragrafen skal leggjast fram for kommunestyret i neste møte.

10 Kultur og samfunnsutvalet

10.1 Innstillingsrett til kommunestyret

Utvalet innstiller til kommunestyret innan fagområde der dei har fått delegert mynde. I andre saker går innstillinga til formannskapet.

10.2 Delegering etter særlov

Kommunestyret delegerer avgjerdsmynde til kultur- og samfunnsutvalet etter følgjande lover med tilhøyrande forskrifter og vedtekter så langt kommunestyret har slikt mynde, og såframt myndet ikkje ligg til kommunestyret i medhald av lov, forskrift eller reglement jf kommunelova § 5-3:

[Alkohollova](#)

Kommunestyret vedtek sjølv ruspolitisk handlingsplan jf §1-7d

[Folkebiblioteklova](#)

[Folkehelselova](#)

[Friluftslova](#)

Kommunestyret vedtek sjølv overordna planar som gjeld friluftsområda og friluftslivet i kommunen.

[Introduksjonslova](#)

[Kulturminnelova](#)

[Opplæringslova](#)

Unnateke frå delegering er:

- § 2-1 femte ledd om offentleg påtale for fråvær frå undervisning
- § 2-2 andre ledd og § 2-3 første ledd om forskrift om undervisningstid, og bruk av undervisningstid utover minstetal i forskrift
- § 2-5 første ledd om målform i skulen
- § 9A-10 ordensreglement
- § 8-1 første ledd andre punktum – forskrift om sal av skule
- § 13-7 om skulefritidsordning [Plan- og bygningslova](#)

Kapittel 17 om utbyggingsavtale

[Lov om arbeids- og velferdsforvaltningen.\(NAV-lova\)](#)

[Serveringslova](#)

[Sosialtenestelova](#)

[Husbandlova](#)

Mynde må utøvast i samsvar med kommunestyret sine retningsliner for vidare utlån av startlån.

10.3 Hastekompetanse

Kommunestyret delegerer sitt avgjerdsmynde til kultur- og samfunnsutvalet i saker som skulle ha vore avgjort av anna organ når det er naudsynt at vedtak vert gjort så raskt at det ikkje er tid til å kalle inn til møte, jf. kommunelova § 11-8. Melding om vedtak gjort i medhald av denne paragrafen skal leggjast fram for kommunestyret i neste møte.

11 Delegering til kommunedirektøren

I medhald av kommunelova § 5-3 vert kommunedirektøren delegert mynde til å treffe avgjerd på kommunen sine vegne etter følgjande lover med tilhøyrande forskrifter og vedtekter. Myndet gjeld i enkeltsaker eller typer av saker som ikkje er av prinsipiell betydning så langt kommunen har slikt mynde, og såframt avgjerdsmyndet ikkje ligg til kommunestyret i medhald av lov, forskrift eller reglement.

Kommunedirektøren har fullmakt til å innstille i saker som skal handsamast i faste utval og formannskap. I regelen er det formannskap og utval som innstiller til kommunestyret.

11.1 Delegering i økonomisaker

Kommunedirektøren sine fullmakter går fram av økonomireglementet

11.2 Delegering etter særlov

[Adopsjonslova](#)

[Alkohollova](#)

Unnateke er:

- Vedtak om ruspolitisk handlingsplan jf §1-7d
- Vedtak om tildeling av ordinært sals- og skjenkeløyve
- Vedtak om inndraging av sals- og skjenkebevilling, jf. § 1-8, likevel slik at vedtak om inndraging av bevilling inntil attestert omsetningsoppgåve for bevillingsgebyr er levert, samt vedtak om inndraging av bevilling inntil ilagt bevillingsgebyr er betalt, kan fattast av kommunedirektøren.
- Vedtak om bevilling til AS Vinmonopolet, jf. § 3-1 første ledd, og godkjenning av utsalgsstadane si beliggenhet, jf. § 3-3.

Kommunedirektøren kan berre avgjere enkeltsaker eller typer av saker som ikkje er av prinsipiell betydning.

[Barnehagelova](#)

Mynde må utøvast i medhald av gjeldande reglar om samordna opptak til barnehageplass.

Kommunestyret innehar mynde etter barnehagelova § 7 fjerde ledd for kommunale barnehager.

[Barnevernlova](#)

[Barnelova](#)

[Brann- og eksplosjonsvernlova](#)

Unnateke frå delegering er mynde som er delegert direkte til brannsjefen, dessutan fastsetjing av gebyrregulativ etter § 28.

[Eigarseksjonslova](#)

Unnateke frå delegering er mynde etter eigarseksjonslova § 7 femte ledd om fastsetting av gebyr.

[Film og videogramlova](#)

- §2

[Folkehelselova](#) (gjeld frå 01.01.2012)

[Forpaktingslova](#)

Unnateke frå delegering er mynde etter forpaktingslova § 11 om skjønn

[Forurensingslova](#)

[Friluftsløva](#)

Kommunestyret vedtek sjølv overordna planar som gjeld friluftsområda og friluftslivet i kommunen.

[Granelova](#)

Fullmakt til å opptre på kommunen sine vegner i nabolilhøve

[Gravferdslova](#)

- § 9 tredje, fjerde og 5. ledd

[Hamne- og farvasslova](#)

[Helse og omsorgstenestelova](#)

Husbanklova

Mynde må utøvast i samsvar med kommunestyret sine retningsliner for vidare utlån av startlån.

[Husleigelova](#)

[Introduksjonslova](#)

[Jordlova](#)

Kommunestyret vedtek sjølv overordna planar som gjeld jordviddene i kommunen

[Kommunelova](#)

Kommunedirektøren treff avgjerd om vidare delegering av mynde til administrasjonen.

[Konsesjonslova](#)

Kommunestyret vedtek sjølv overordna planar som gjeld jordviddene i kommunen.

[Konkurslova](#)

Fullmakt til å krevje at buet til ein skuldnar vert teke under konkurshandsaming og å stille nødvendig garanti for konkurshandsaminga.

[Laksefisk og innlandsfisk m.m](#)

Kommunestyret vedtek sjølv overordna planar som gjeld fiskeinteresser og friluftsliv i kommunen.

[Matrikkellova](#)

Unnateke frå delegering er mynde til å fastsette gebyrregulativ jf. matrikkellova § 32 og matrikkelforskrifta kapittel 5.

[Motorferdsel i utmark](#)

Unnateke frå delegering er mynde etter forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag § 6.

[Naturmangfaldslova](#)

[Lov om arbeids- og velferdsforvaltningen.\(NAV-lova\)](#)

[Odelslova](#)

Kommunestyret vedtek sjølv overordna planar som gjeld jordviddene i kommunen

[Opplæringslova](#)

Unnateke frå delegering er:

- § 2-2 andre ledd og § 2-3 første ledd om forskrift om undervisningstid, og bruk av undervisningstid utover minstetal i forskrift
- § 2-5 første ledd om målform i skulen
- § 8-1 første ledd andre punktum – forskrift om val av skule

- § 13-7 om skulefritidsordning

[Pasient- og brukarrettighetslova](#)

[Plan- og bygningslova](#)

[Serveringslova](#)

[Skogbrukslova](#)

Kommunestyret vedtek sjølv overordna planar som gjeld skoginteressene i kommunen.

[Smittevernlova](#)

Unnateke frå delegering er mynde som direkte ligg til smittevernlegen iht.

smittevernlova.

[Sosialtenestelova](#)

Kommunedirektøren har fullmakt til å avgjere enkeltsaker eller typer av saker som ikkje er av prinsipiell karakter

[Straffelova](#)

Mynde til å begjære offentlig påtale etter straffelova § 79 femte ledd, med dei avgrensingar som følgjer av straffelova § 79 femte ledd fjerde punktum.

Delegeringa omfattar berre dei tilfelle der offentlig påtale er betinga av begjæring frå kommunen som fornærma, dvs. betinga offentlig påtale.

[Tobakkskadelova](#)

[Tvistelova](#)

[Veglova](#)

Unnateke frå delegering:

- § 5 vedtak om å ta opp privat veg som kommunal veg
- § 6 vedtak om bygging av kommunal veg
- § 7 vedtak om nedlegging av kommunal veg

[Vegtrafikklova](#)

- § 5 om oppsetting av fareskilt, serviceskilt, vegvisarsskilt, og opplysningsskilt jf. skiltforskrifta § 12.
- § 6 om midlertidig å sette lågare fartsgrense enn den som elles gjeld ved arbeid på veg, jf. skiltforskrifta § 26 nr 1 fjerde ledd.
- § 7 andre ledd om å treffe mellombelse vedtak om forbod mot all trafikk eller om anna regulering av trafikk på kommunal veg dersom tilhøve på vegen eller i omgjevnadane, arbeid på vegen eller vegen sin tilstand tilsier dette, med dei til eikvar tid gjeldande forskrifter og endringar i lov, til kommunedirektøren.

[Viltlova](#)

Kommunestyret vedtek sjølv overordna planar som gjeld viltinteresser og friluftsliv i kommunen.

12 Delegering til skatteoppkrevjaren

Økonomisjefen/skatteoppkrevjaren får generell fullmakt til å inngje anmelding til påtalemakta innan skattebetalingsområdet, jf § 5, 2. avsnitt i *Instruks for anmeldelser til påtalemyndigheten av overtredelser på skattebetalingsområdet av 09.05.1997*.